

GILJASTØLSVATN 1983

Saula Plan
149 Fraafjord.

- 3 -

3 RESULTAT

Vasskvalitet.

Analyseresultatata av vassprøvene går fram av tabell 1 under.

TABELL 1. Vassprøver, analyseresultat.

VATN	El.led.		Alkalitet mmol/l	Kalsium mg Ca/l	Aluminium µg Al/l	Farge uv
	pH	µS/cm				
Råssavatn	5,22	24,9	0,04	0,54	62	35
Giljastølv.	4,98	22,3	0,03	0,42	69	10
Stølsvatn	4,94	19,4	<0,06	0,29	44	15
Fodnastølv.	4,96	19,6	0,02	0,32	58	5
Valevatn	5,03	23,6	0,02	0,39	72	5
Lauvvatn	4,94	26,6	<0,06	0,41	64	15
Brekkestølv.	4,86	25,3	<0,02	0,39	88	45

pH-verdiane låg mellom 4,86, Brekkestølsvatn og 5,22 i Råssavatn. I vatna i Fraafjordvassdraget låg pH-verdiane mellom 4,94 og 5,03. Alle vatna er sure og aluminiumsinnhaldet er høgt. Fjellgrunnen i dette området har låg bufferkapasitet mot forsureing og vasskvaliteten ligg nær den nedre grensa for det auren kan tole med omsyn til rekruttering.

Mageprøver.

Resultatet av mageprøveanalysene er sett opp i tabell 2 på neste side.

TABELL 2. Næringsval i volumprosent.

NÆRINGSDYR	Fjærmygglarver	Fjærmyggpupper	Vårflugelarver	Døgnflugelarver	Vassnymfelarver	Vassteget	Vasskalvlarver	Vasskalv, imago	Luftinsekt	Bythotrephes long.	Gelekreps	Linsekreps	Antal prøver
VATN													
Råssavatn			8		5	20	45	5	18				8
Giljastølsv.	4	4	11						36	31	13	1	15
Stølsvatn	7	23	33	4					16	9	4	4	15
Fodnastølsv.	5	13	17						36	7	20	1	15
Valevatn	15	15						1	61	8			15
Lauvvatn	49	7	1						20	23			15
Brekkestølsv.	4		76			20							5

Larver og pupper av fjærmygg og vårflugelarver var viktige innslag i næringa i dei fleste vatna, det same var tilfelle for insekt fanga på overflata og fleire artar av planktoniske krepssdyr.

Dei einskilde vatn.

Råssavatn, 454 m o.h., areal = 14 ha.

Vatnet ligg ca. 15 min.'s gange frå bilveg. Omgivnadene er slake bjørkeskogslirer og her er bygt fleire hytter. Nedslagsfeltet er lite og gjennomstrøyminga dermed låg. Grunnområda dominerer og tilhøva for utøving av fiske er fine. Gytetilhøva er svært sparsame, berre på einskilde små flekker i utlaupselva finst det høveleg gytetesubstrat.

Prøvefiske med 1 Jensen-serie og 1 "fleire-omfars" garn gav 9 aurar. Kvaliteten på fisken var uvanleg flott, gjennomsnittleg


Giljastølsvatn, 406 m o.h., areal= 57 ha.

Vatnet ligg ved bilveg i eit tettbygd hytteområde. I dei sørlege delane av vatnet finst det store grunnområde, mot nord er det djupare.

Prøvefiske med 1 Jensen-serie og 2 "fleire-omfars" garn gav 106 aurar. Største fisk var 23,3 cm og 116 gram, gjennomsnittleg k-Faktor 0,97. Fisken var småfallen og av jamnt dårleg kvalitet. Han veks relativt raskt dei første 2-3 leveåra, ved høgare alder byrjar veksten å stagnere.

Fiskebestanden er svært tett, sjølv om gytetilhøva synest sparsame er dei tilstrekkelege til å oppretthalde bestanden. Dersom det blir gjennomført utfiskingstiltak kan dette bli eit fint fiskevatn.

Til utfisking bør det nyttast 30-32 omfars garn og det bør fiskast opp minst 200-300 kg eller 3000-4000 fisk kvart år for å tynne ut bestanden.



GILJASTØLVATN: Vekstkurve og lengdefordeling.

